

Referat OMRÅDEUTVALET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

Tid	Fredag 31.januar 2025, kl 09:00 – 12:00
Stad	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
Møteleiar	Oddvin Neset
	Arbeidstakarorganisasjon: Brukarrepresentant: Jostein Dale (brukarrepresentant frå kommunane i Nordhordland). Hovudtillitsvalt: Liv Berit Haukaas (HTV Fagforbundet) Kommunane: Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Mona Molland (Gulen kommune), Annika Villanger (Fedje kommune), Kommuneoverlegerepresentant: Anita Sørtveit (kommuneoverlege Osterøy - vara for Terese Folgerø - kommuneoverlegerepresentant Nordhordland) Tor Magnus Soleim (kommuneoverlege Alver, ny kommuneoverlegerepresentant Nordhordland frå møte 2 - 2025) Fastlegerepresentant: Gunn Mali Steen Sund (fastlegerepresentant Nordhordland) Helse Bergen: Grete Lill Hjartnes, Randi-Luise Møgster, Alf Henrik Andreassen, Anne-Jorunn Langeland (for Maria Vollsæter) Haraldsplass: Rebekka Ljosland, Åse Therese Nordstrønen Sekretariat: Elena Sandgathe og Eva Nordnes
Fråfall	Tonje Husum Aarland (Modalen), Evy Knutsen (brukarrepresentant spesialisthelsetenesta), Trond Larsen (HVT Fagforbundet)

Nr.	Saker	
1/25	Godkjenning av innkalling og referat Vedtak: Innkalling og referat vert godkjent utan merknadar. Merk at saklista som vart sendt ut før områdetutvalet hadde en feil i nummermarkeringa. Sak 3/25 (Status handlingsplan) vert difor slått saman med sak 2/25.	
2/25	Orientering frå Strategisk samarbeidsutval v/Randi-Luise Møgster - Gjennomgang av referat frå SSU. - Starte vedtatt revisjonsarbeid av tenesteavtale 3 og 5 - Revisjon av særavtale til tenestavtale 2, 6 og 10, samt særavtale til tenesteavtale 11 vert lagt inn i handlingsplan for 2025-2026	

	- GAP analysen frå statsforvaltaren kor det har vore analysert i kva grad primærhelsetenesta er førebudd på å handtera ein krig. Tenesteavtale 12 kan være relevant ift felles planlegging. SSu ønskjer å invitere statsforvaltar til SSU møte, samt be om utgreiing frå UFAB. - 39/24 om brukarrollen i helsefellesskapet. Sse planleggar oppstart av arbeidet med utarbeiding av notat/retningslinje om brukarrolle og prosess rundt rekruttering og oppnemning, tentativt våren 2025. Status handlingsplan v/Elena Sandgathe Innspel til handlingsplan: Kan arbeid med særavtale 11 starte opp før planlagt oppstart som i følge handlingsplanen er våren 2026? Saka vert teken med vidare til Sse. Vedtak: OU Nordhordland tek referat frå Strategisk samarbeidsutval og status frå handlingsplanen til orientering	
3/25	Aktørar til Helsehuset v/Oddvin Neset og Anne Hildegunn Færøy Den 15.januar 2025 hadde Helse Bergen og RNI møte på Region Nordhordland helsehus. Møtet var eit status møte etter 3,5 år i drift, og refleksjonar knytt til korleis me skal løfta fram igjen kva for tenester ein ønskjer i helsehuset. Det vart peika på at ein ikkje berre må sjå til RNI, men at kommunane må teke sitt ansvar for å fremje sine behov. Alver kommune har gitt uttrykk for at dei ønskjer meir areal i helsehuset til tenester. Helse Bergen har intern dialog for eventuelt auke aktiviteten. Det vert peika på at helseføretaka opplever rekrutteringsutfordringar til sjukehusa, og slik situasjonen er no er det ikkje overskot på spesialistar i sjukehusa. Personalet gir uttrykk for at det ikkje er tilstrekkeleg sikkerheit ved eventuelle hendingar. Infrastrukturen er på plass, men nyttast ikkje i dag. Vidare diskusjon knytt til sikkerheit må takast vidare i eit leigetakarmøte. Kommune trekker frem behov for hjartespesialist, gynekologi, auge og hørsel. Vedtak: Områdeutvalet Nordhordland vedtek at det skal setjast ned ein arbeidsgrupper som jobbar vidare med å utgreia kva for behov og ønskjer ein har for tenester til helsehuset.	
4/25	Representantar frå FSU gir en status på arbeidet Olaf Hella (barn og unge)	



	Presentasjon områdeutval.pptx Gunn Mali Steen Sund/Anita Sørtveit (eldre med skrøpelighet) FSU eldre med skrøpelighet OUNH 31.01.25.pptx Tor Magnus Soleim (psykisk helse og rus) Presentasjon FSU.pptx Vedtak: Områdeutvalet tek presentasjon frå FSU-ane til orientering. Områdeutvalet vil invitere FSU-ane til å gje ein status i OU to gonger i året. Dersom det er saker som er viktig at områdeutvalet er orienterte om kan FSU-ane ta kontakt med møteleiar Oddvin Neset eller Sse v/Eva Nordnes.	
5/25	Retningslinje knytt til TA 3 og 5 v/Merete Eide Hernes OU endring av retningslinje knyttet til tjenesteavtale 3 Og 5 rus og psyk.pptx Forslag til retningsline som kan bli brukt innanfor psykisk helse og rus i påvente av nye tenesteavtaler. Merete Eide Hernes går gjennom presentasjon. Innspeil knytt til om IPLOS er naudsynt å senda til sjukehusa. IPLOS er lovpålagt å bruke i kommunen og når pasienten meldes som innlagt sendes IPLOS automatisk i PLO meldinga. Viktig å bruke fritekstfelt i IPLOS for å supplere informasjon når pasienten vert lagt inn. Eide kan kontakast dersom det er trong for støtte til implementering. Vedtak: Områdeutvalet i Nordhordland vedtek å stille seg bak forslag til endringar i retningslinjen.	
6/25	Oppnemna representantar til revisjon av tenesteavtale 3 og 5 og Områdeutvalet skal velja kommunal representant til revisjon av tenesteavtalane 3 og 5, og dessutan særavtale til tenesteavtale 2 (behov for følgje). Kommuneoverlege i Alver er foreslått som representant til arbeidsgruppa for tenestenaftale 3 og 5. Områdeutvalet støttar plan om å samla TA 3 og 5 somatikk og psykiatri til ein tenesteavtale då det er mykje likt i desse avtalane. Når det gjeld TA2 og særavtale er dette ein heilt anna pasientgruppe. Her har brukarutvalet også gitt innspel. Arbeid med denne avtalen bør starte opp snarleg i en egen arbeidsgruppe då det er fleire utfordringar som hastar å gjere noko med. Leiar for brukarutvalet for Haraldsplass ønskjer å stille i denne arbeidsgruppa.	



	Det vert tilrådd frå OU Nordhordland at TA2 blir ein eigen og meir operativ prosess. Det vert oppmoda om at representantar i desse arbeidsgruppene bør ikkje vera dei same fagpersonane. Vedtak: Områdeutvalet ber SSU vurdere om det i forslag til vedtak i saka vert lagt til at ein eiga arbeidsgruppe skal jobbe med TA2.	
7/25	Bli kjent med arbeidsfeltet: Kommunalsjef (HO) Mona Molland presenterer Gulen Presentasjon av helse- og omsorgssektoren Gulen kommune OU-møte 31.1.25.pdf Vedtak: Områdeutvalet Nordhordland takker Mona for ein god presentasjon.	
8/25	Prehospital plan - Tommy Nybakk 31.01.25 Prehospital plan Områdeutvalget NH (1).pptx Nybakk orienterar om prehospital plan. Det er forslag om å forsterka og byggja opp kapasitet i Knarvik frå 2026. Dersom dette vert aktuelt må det behandlast og vedtakast i Helse Bergen. Vedtak: Områdetuvalget tek orientering frå Nybakk til orientering.	
9/25	Orientering frå partane: Mobil røntgentjeneste presentasjon til OU Bergensregionen.pptx Mobilt røntgen vert no teke i bruk. I første omgang vil område som er innanfor 30 minutt radius frå skadepoliklinikken i Solheimsviken kunne nytta seg av tilbodet. Osterøy er ikkje medrekna i dei som først får tilbod. Helse Bergen tek med seg innspel tilbake. Informasjon om nyheitsbrev frå samhandslingslegar “samhandlingsnytt” på deira nettside med nyttig informasjon. <u>Kort orientering om aktuelle søknader rekruttering og samhandlingstilskot</u> - Barne og ungdomsklinikken planleggjar søknad om utvikling av ungdomsmedisin mellom avdeling for born og vaksen, og sjukehus og kommunar. Bruka helsesjukepleiar i 100 % som er delte mellom kommune/spesialisthelsetenesta. Informasjon om prosjektet vert tilsend saman med referat. - Haraldsplass og Osterøy har gått saman om å søkje samhandlingsmidlar til ein delt stilling til fallførebyggjande koordinator <u>Kort orientering om søknader Helseteknologiordninga</u> - Alver opplyser at dei er med på ein søknad om velferdsteknologi til barn og unge saman med Austevoll og Bergen kommune	



	Frå Alver: Den 5.februar opnar 12 nye sjukeheims plassar ved Såtabu servicesenter (dementavdeling) Alver endrar journalsystem (EPJ), skal vera pilotkommune og endring skjer snarleg. Kick off den 17.februar i eit stort prosjekt. Alle kommunane skal gjennom endringa. Kopla på HSD knytt til PLO melding dersom det oppstår utfordringar. Områdeutvalet ønskjer å invitera Lars Tveit (DI) til neste OU for orientering om handlingsplan - digitalisering og innovasjon. Bergen kommune har teke over hovudansvaret for søknad til helseteknologiordninga saman med 17 kommunar, DigiVestland, IKTH, Helse Bergen, Haraldsplass diakonale sjukehus. Prosjekta Digital heimeoppfølging og digital samkonsultasjon har vore prosjekt over tid, har no behov for auka volum og samhandling med spesialisthelsetenesta med heilskaplege pasientforløp på tvers av nivå. Det er og søkt om samhandlingsmidlar til same prosjekt som er retta mot spesialisthelsetenesta. Kommuneoverlege Tor Magnus Solheim trer inn som kommuneoverlegerepresentant i områdeutvalet i Nordhordland. Anita Sørtveit har vore avløyser for Therese Folgerø og held fram som vara.	
10/25	Eventuelt Vedlegg om ny honorarsats og heilskaplege pasientforløp vart sende ut saman med sakslista før områdetuval og vart ikkje gjennomgått i områdeutvalet. Innspel til områdeutvalet om korleis rekruttera fleire fastlegar til Helsefelleskapets utval og arbeidsgrupper. Det er utfordrande å rekruttera fastlegar i regionen, særleg i omlandskommunane. Kommunalsjefsgruppa set saka på dagsorden til det planlagde fellesmøtet med kommuneoverlegane i Nordhordland 07.mars For å auka rekrutteringa kan møte tidleg på dagen bidra i rekrutteringsprosessen. Anne Laue går inn som representant i arbeidsgruppa "riksrevisjonens rapport om rehabilitering" Morten Bækkel Rognaldsen morten.rogaldsen@alver.kommune.no er ny representant frå LO i områdeutvalet i Nordhordland. Sse sender ut nødvendig informasjon.	

